



Arkivnr: 2014/1230-74

Saksbehandlar: Lise Ådlandsvik

Saksframlegg**Saksgang**

| Utvil | Saknr. | Møtedato |
|---|--------|------------|
| Fylkestrafiksikringsutvalet i Hordaland | | 08.04.2015 |

Tilskot til lokale trafiksikringsarrangement våren 2015**Samandrag**

Det er fastsett i handlingsplanen (2014-2017) at det årleg vert sett av 800.000 kr til tilskotsordninga til lokale trafiksikringsarrangement. Midlane skal nyttast til gjennomføring av trafiksikringsarrangement som er tufta på lokale initiativ, det vil seie trafikantretta tiltak (ikkje fysiske tiltak). Tilskotet er meint å vere ei støtte for å sikre høg trafikkfagleg kvalitet på tiltaket. Det er eit viktig prinsipp at Fylkestrafiksikringsutvalet (FTU) skal kunne vere ein bidragsytar ved lokale initiativ der haldningsskapande trafiksikringsarbeid vert sett på dagsorden.

Søknadsfristane i 2015 er sett til 6. mars og 15. august. Innan fristen 6. mars kom det inn 15 søknader, med ein søknadssum på totalt 571.200 kr.

Forslag til vedtak

Fylkestrafiksikringsutvalet (FTU) fordeler tilskotsordning våren 2015 til lokale trafiksikringsarrangement slik;

| Søkjær | Søknadssum | Tilskotsum |
|--|------------|------------|
| 1. Etterankens dag Hordaland | 28 500 | 28 500 |
| 2. FAU Alversund skule | 11 000 | 5 000 |
| 3. FAU Liland skole | 17 000 | 11 000 |
| 4. Flykningguideprosjekt Røde kors Bømlo | 21 000 | 21 000 |
| 5. Fitjar frivilligsentral | 24 700 | 23 000 |
| 6. Grannehjelpa Kvam | 28 000 | 20 000 |
| 7. Kvinnherad vgs | 82 000 | 25 000 |
| 8. NAF avd Voss og Omland | 26 000 | 20 000 |
| 9. Odda vgs | 5 000 | 5 000 |
| 10. Os kommune | 75 000 | 55 000 |
| 11. Stiftelsen Norsk Luftambulanse | 90 000 | 90 000 |
| 12. Sunde grendalag | 8 000 | 0 |
| 13. Einar Emil Myklestad | 50 000 | 20 000 |
| 14. Einar Emil Myklestad | 47 000 | 0 |
| 15. Trafikkfagleg samarbeidsutval (TSU) | 58 000 | 58 000 |

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 11.03.2015

Bakgrunn

Det er fastsett i handlingsplanen (2014-2017) at det årleg vert sett av 800.000 kr til tilskotsordninga til lokale trafikksikringsarrangement. Midlane skal nyttast til gjennomføring av trafikksikringsarrangement som er tufta på lokale initiativ, det vil seie trafikantretta tiltak (ikkje fysiske tiltak). Tilskotet er meint å vere ei støtte for å sikre høg trafikkfagleg kvalitet på tiltaket. Det er eit viktig prinsipp at Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) skal kunne vere ein bidragsytar ved lokale initiativ der haldningsskapande trafikksikringsarbeid vert sett på dagsorden.

Søknadsfristane i 2015 er sett til 6. mars og 15. august. Innan fristen 6. mars kom det inn 15 søknader, med ein søknadssum på totalt 571.200 kr.

Det har over mange år vore dei same arrangementa som har søkt om tilskot, - noko som er positiv med tanke på lokalt initiativ og interesse, men samstundes er det viktig å ha krav til innhaldet i programmet, og sikre fokus på trafikksikringsdelen. I 2015 er det og kome til fleire nye søknader, og det kan difor synast som om ordninga er meir kjend. Ein oversikt over tildelte tilskotsmidlar gjennom denne ordninga viser følgjande:

2011: 11 søknader

2012: 16 søknader

2013: 15 søknader

2014: 18 søknader

Kriteria for tilskotsordninga

- Søknadsfrist to gongar i året. Det må søkjast på eige skjema.
- Utbetalingsa skjer i etterkant av at rapporteringsskjema inkl. rekneskap er motteke.
- Arrangement med ei kostnadsrāme på over 30.000 kr har krav om ein eigenandel på minimum 25 %. Personalkostnader/eigeninnsats kan vere ein del av eigenandelen. Eigeninnsatsen (timar) må synleggjera.
- Rett til å søkje: Kommunar, skular, barnehagar, lag/foreningar/organisasjonar.
- Tilskotmidlane ikkje kan dekke administrative kostnader og andre driftsutgifter.

Oversikt over søknadane våren 2015

| | Namn på tiltak | Søknadssum | Totalkostnad | Søkjar | Krav om eigenandel |
|---|---|----------------|------------------|---|--------------------|
| a | Ettertankens dag i Hordaland | 28 500 | 40 000 | Ettertankens dag Hordaland | X |
| b | Gå-/sykleaksjon til skulen | 11 000 | 11 000 | FAU Alversund skule | |
| c | Lastebilens dag | 17 000 | 21 000 | FAU Liland skole | |
| d | Flyktningguideprosjekt Bømlo | 21 000 | 21 000 | Flyktningguideprosjekt, Bømlo Røde kors | |
| e | Trafikksikringsdag for ungdom | 24 700 | 56 700 | Fitjar frivilligsentral | X |
| f | Trafikksikringsdag "Karalag" | 28 000 | 56 000 | Grannehjelpa Kvam | X |
| g | Trafikksikringsdag for vgs | 82 000 | 102 500 | Kvinnherad vgs | X |
| h | Trafikksikringsdag for russen | 26 000 | 52 500 | NAF avd Voss og Omland | X |
| i | Trafikksikringsdag for vgs | 5 000 | 10 000 | Odda vgs | |
| j | Trafikksikringsdagar 1. 5. og 10. trinn | 75 000 | 100 000 | Os kommune | X |
| k | Trafikksikringsdag for russen | 90 000 | 130 000 | Stiftelsen Norsk Luftambulanse | X |
| l | Sosialt folkemøte, Sunde bru | 8 000 | 8 000 | Sunde grendalag | |
| m | Sykkeldagen i Ytrebygda | 50 000 | 80 000 | Sykeldag, Einar Emil Myklestad | X |
| n | Sykkeloplæring i Fana/Ytrebygda | 47 000 | 68 500 | Sykkeloplæring, Einar Emil Myklestad | X |
| o | Trafikkfagleg samarbeidsutval (TSU) | 58 000 | 278 000 | Trafikkfagleg samarbeidsutval (TSU) | X |
| | Totalt | 571 200 | 1 035 200 | | |

Om søknadane til lokale trafikksikringsarrangement

Som tabellen over viser så er dei 15 søknadane svært ulike både i fokus, omfang og kostnader. Tilskotet det vert søkt om varierer mellom 5 000 kr og 90 000 kr. Gjennom ei grovfordeling kan ein seie at sju av

tiltaka rettar seg mot elevar i den vidaregåande skulen (e, f, g, h, i, k, o), medan to av tiltaka rettar seg mot skuleborn i regi av foreldreutval (FAU) (b, c) og eitt i regi av kommunen (j). Dernest er det eit tiltak som er ein trafikksikringsdag for alle generasjonar (a). Vidare har eitt av tiltaka flykningar/innvandrarar som fokusgruppe, - der ein organisasjon er søker (d). To av tiltaka har fokus på sykkel og er retta inn mot born/familie, - her er søkeren ein privatperson (m, n). Eitt av tiltaka skil seg frå dei andre ved å vere eit arrangement der det vert set fokus på lokale veggtilhøve (l).

Fleire av arrangementa er tverrfaglege, og er i ei særleg grad eit samarbeid mellom blålysetatane; Polit, ambulanse og brann/redning. Ikkje minst gjeld dette trafikksikringsdagane for dei vidaregåande skulane.

a. Ettertankens dag Hordaland

Ettertankens dag Hordaland søker om tilskot på 28 500 kr. Totalkostnaden for arrangementet er 40 000 kr. Dette er eit tverrfagleg utearrangement som finn stad i Bergen sentrum, Festplassen, i august 2015. På arrangementet vert ulike redningsaksjonar demonstrert, ilag med forskjellige trafikksikringsapparat. Femten samarbeidspartnerar står bak denne trafikksikringsdagen. Søkeren vart i 2014 tildelt 26 000 kr til same arrangement. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 28 500 kr.

b. FAU Alversund skule

FAU Alversund skule søker om tilskot på 11 000 kr. Totalkostnaden for arrangementet er 11 000 kr. Dette er eit tiltak for å få flest mogleg til å gå/sykle til skulen. Skulen har 370 elevar. Tilskotsmidlane skal utelukkande gå til premiering. Tiltaket er ikkje knytt til opplæring eller andre aktivitetar som gjer at det framstår som eit effektivt trafikksikringsarrangement. Søkeren vart i 2014 tildelt 11 000 kr til same arrangement. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 5 000 kr.

c. FAU Liland skole

FAU Liland skole søker om tilskot på 17 000 kr. Totalkostnaden for arrangementet er 21 000 kr. Dette er eit arrangement for å setje fokus på tungtrafikk langs skulevegen. Skulen har 300 elevar. Tilskotsmidlane skal leige av lastebil, refleksvestar og matservering. Framstår som eit bra tiltak. FAU Liland skole har ikkje søkt om tilskot til dette arrangementet tidlegare. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 11 000 kr.

d. Flykningguideprosjekt, Bømlo Røde kors

Flykningguideprosjektet søker gjennom Bømlo Røde kors om tilskot på 21 000 kr. Totalkostnaden for arrangementet er 21 000 kr. Målgruppa for arrangementet er først og fremst flykningar og innvandrarar i kommunen, men arrangementet vil vere opne for alle. Kommunen har mellom anna to mottak med totalt 50 personar. Høgste deltagarkartal er sett til 340 personar. Dette er eit todelt tiltak fordelt på ein temadag og ein aktivitetsdag med særleg fokus born i bil, sykling og refleks. Ettersom målgruppa er ei økonomisk ressurssvak gruppe, så er det ei målsetjing av kostnadane for dei som deltek skal vere svært låg. Materiellkostandane skal gå til innkjøp av refleksvestar/refleksar, temafilmar om tryggleik og materiell til aktivitetsdagen (sykkeldagen). Bømlo Røde kors har ikkje søkt om tilskot til dette arrangementet tidlegare. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 21 000 kr.

e. Fitjar frivilligsentral

Fitjar frivilligsentral søker om tilskot på 24 700 kr. Totalkostnaden for arrangementet er 56 700 kr. Dette er eit lokalt tverrfagleg trafikksikringsarrangement for 9., 10. klasse samt alle elevar i vidaregåande skulen. Søkeren vart i 2013 tildelt 20 000 kr til same arrangement. Det vart ikkje søkt om midlar i 2014. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 23 000 kr.

f. Grannehjelpa, Kvam herad

Stiftinga Grannehjelpa søker om tilskot på 28 000 kr. Totalkostnaden for arrangementet er 56 000 kr. Dette er eit tverrfagleg arrangement for gutter i 10. klasse samt VG2 og VG2. Arrangementet vil ha fokus på psykisk helse og gutter i trafikken. Noko høge driftsutgifter, jf matservering. Grannehjelpa har ikkje søkt om tilskot til dette arrangementet tidlegare. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 20 000 kr.

g. Kvinnherad vgs

Kvinnherad vidaregåande skule søker om tilskot på 82 000 kr. Totalkostnaden for arrangementet er 102 500 kr. Dette er eit lokalt tverrfagleg trafikksikringsarrangement elevane i vidaregåande skulen. Skulen har 405 elevar. Arrangementet har fått tildelt tilskot tidlegare år, - då stod Kvinnherad lensmannskontor som søker. I 2014 var tilskotet på 71 000 kr til same arrangement. Framstår i nokon grad meir som eit

beredskapsarrangement, enn eit trafikksikringsarrangement. Høge kostander til innkjøp av utstyr samanlikna med tilsvarande arrangement. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 25 000 kr.

h. NAF avd Voss og omland

NAF avd Voss og omland søker om tilskot på 26 000 kr. Totalkostnaden for arrangementet er 52 500 kr. Dette er eit tverrfagleg trafikksikringsarrangement for å russe på dei seks vidaregåande skulane i regionen. Ikke heilt klårt kva midlane til utstyr og trafikksikringsmateriell skal gå til. NAF avd Voss og omland har ikkje søkt om tilskot til dette arrangementet tidlegare. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 20 000 kr.

i. Odda vgs

Odda vidaregåande skule søker om tilskot på 5 000 kr. Totalkostnaden for arrangementet er 10 000 kr. Dette er eit tverrfagleg trafikksikringsarrangement for elevane ved den vidaregåande skulen. Skulen har 300 elevar. Odda vgs har ikkje søkt om tilskot til dette arrangementet tidlegare. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 5 000 kr.

j. Os kommune

Os kommune søker om tilskot på 75 000 kr. Totalkostnaden for arrangementet er 100 000 kr. Dette er eit tverrfagleg trafikksikringsarrangement over 2 dagar for elevar i 1., 5. og 10. klasse. Fylkesrådmannen har vore i kontakt med kommunen og fått opplyst at det totalt omfattar 830 elevar. Framstår som eit godt tiltak, men mogleg noko høge driftskostnader, jf bussleige og servering. Os kommune har ikkje søkt om tilskot til dette arrangementet tidlegare. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 55 000 kr.

k. Stiftelsen Norsk Luftambulanse

Stiftelsen Norsk Luftambulanse søker om tilskot på 90 000 kr. Totalkostnaden for arrangementet er 130 000 kr. Dette er eit årleg trafikksikringsarrangement for russen i Grieghallen. I 2014 deltok 2000 elevar. Tradisjonsrikt, godt tiltak for viktig målgruppe. Oppmodar om at fleire bidragsytarar gjerne bør delta på dette store arrangementet neste år. Søkjaren vart i 2014 tildelt 90 000 kr til same arrangement. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 90 000 kr.

l. Sunde grendalag

Sunde grendalag søker om tilskot på 8 000 kr. Totalkostnaden for arrangementet er 8 000 kr. Dette er eit arrangement for å få fokus på krysset ved Sunde bru. Tilskotsmidlane skal gå annonsering, grillmat, vestar og leige av høgtalaranlegg. Tiltaket er primært knytt til infrastruktur, og i har i mindre grad fokus på trafikksikring. Sunde grendalag har ikkje søkt om tilskot til dette arrangementet tidlegare. Fylkesrådmannen innstiller på å ikkje tildele tilskot.

m. Sykkeldagen i Ytrebygd

Sykkeldagen i Ytrebygda søker om tilskot på 50 000 kr. Totalkostnaden for arrangementet er 80 000 kr. Dette er eit årleg arrangement for å lære born og unge god sykkelkultur og sykkelopplæring. I 2014 var det 200 påmeldte. Det vert opplyst at evt. tilskotsmidlar frå FTU skal gå til marknadsføring og kjøp av skulesyklar. Tiltaket har eit bra fokus, men ei svært høg kostnadsrāme. Søkjaren vart i 2014 tildelt 50 000 kr til same arrangement. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 20 000 kr.

n. Sykkelopplæring i Fana og Ytrebygda

Sykkelopplæring i Fana og Ytrebygda søker om tilskot på 47 000 kr. Totalkostnaden for arrangementet er 68 500 kr. Dette er eit arrangement for å lære skuleelevar god sykkelkultur på skulevegane. Dette er eit nytt arrangement, og det er dermed ikkje søkt om tilskot til dette arrangementet tidlegare. I andre kommunar/skular er denne type arrangement teke hand om i regi av skulen sjølv i samarbeid med FAU, og dermed utan kostander. Fylkesrådmannen har hatt dialog med sykkelsjefen i Bergen kommune som stadfestar at dette er eit arbeid som kan gå av stabelen utan fylkeskommunalt tilskot. Fylkesrådmannen innstiller på å ikkje tildele tilskot.

o. TSU Nordhordland

TSU Nordhordland søker om tilskot på 58 000 kr. Totalkostnaden for arrangementet er 278 000 kr. Dette er eit årleg, tverrfagleg trafikksikringsarrangement for avgangselevane i vidaregåande i Nordhordlandsregionen. I 2014 deltok 500 avgangselevar. Søkjaren vart i 2014 tildelt 50 000 kr til same arrangement. Fylkesrådmannen innstiller på eit tilskot på 58 000 kr.

Fylkesrådmannen sine kommentarar

Det er eit stort lokalt fokus på haldningsskapande trafikksikringsarbeid i Hordaland. Fylkesrådmannen ser at det over mange år vore dei same arrangementa som har søkt om tilskot, - noko som er positiv med tanke på lokalt initiativ og interesse, men samstundes er det viktig å ha krav til innhaldet i programmet, og sikre fokus på trafikksikringsdelen. Om eit arrangement har motteke støtte eit år, så set det likevel krav til innhaldet og fokuset i arrangementet for å kunne motta støtte seinare år.

Fylkesrådmannen ser det som svært positivt at det har kome inn søknader frå alle delane av fylket, og at det i 2015 er fleire nye søkerarar. Det kan difor synast som om tilskotsordninga har vorte betre kjend.

Den store variasjonen i type arrangement gjer det utfordrande å vurdere *kvaliteten* på trafikksikringsdelen i tiltaket. Haldningsskapande trafikksikringsarbeid er eit kontinuerleg arbeid, som ikkje kan målast i konkrete effektar av tiltaket. Dette er det viktig å ha med seg inni vurderinga av søkerane. Grunnlaget for fylkesrådmannen si vurdering av søkerane er at tilskotet som vert gjeve skal vere ei støtte for å sikre høg trafikkfagleg kvalitet på arrangementet. Vidare gjev kriteriet om at tilskotet ikkje kan nyttast til administrative kostnader og andre driftsutgifter føringar for tilskotssummen. Med det forstår ein at midlane frå FTU i første omgang skal nyttast til den trafikkfaglege delen, og i mindre grad til det andre delar av arrangementet, slik som for eksempel til mat/drikke og marknadsføring.

Etter fylkesrådmannen sitt syn må også talet på deltakarar sjåast i samanheng med storleiken på tilskotssummen. I fylkesrådmannen si vurdering har ein i særlig grad sett same type arrangement under eitt. Eit eksempel på dette er dei ulike trafikksikringsdagane for den vidaregåande skulen. Vidare vil fylkesrådmannen trekkje fram Flykningguideprosjektet som eit nytt og viktig element i høve denne tilskotsordninga.

Fylkesrådmannen har i si handsaming av søkerane våren 2015 hatt eit kritisk vurdering av kvart arrangement.

Fylkesrådmannen rår til at 13 av søkerane vert tildelt tilskot, med ein total tilskotsum på 381.500,- kr.